



Balestrand kommune

Administrasjon

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

<i>Saksnr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Saksh. / Telefon</i>	<i>Dykkar ref.</i>	<i>Dato</i>
18/247		Joakim Systaddal		20.02.2018

Søknad om næringsfondsmidler og stimuleringstilsot til Balestrand 2018

Det vert med dette søkt om tildeling av næringsfondsmidler for 2018, samt stimuleringstilskot for samarbeid om førstelinjeteneste og næringsfond med Sogn Næring, på vegne av Sogndal og Leikanger kommunar.

Balestrand kommune har frå og med 2018 formalisert eit tett samarbeid med Sogn Næring, som tek i vare førstelinjetenesta og næringsfondsforvaltninga for kommunane Sogndal og Leikanger. Samarbeidet er formalisert i vedlagt avtale. Samstundes er desse tre kommunane i gang med å utgreie framtidig organisering av næringsarbeidet i Sogn, saman med Vik og Lærdal kommunar. Dette vert gjennomført som eit prosjekt etter metodikken «Næringsvenleg region» med støtte frå Innovasjon Norge, og med PWC som ekstern prosjektleiar.

Frå før har både Balestrand, Sogndal og Leikanger uttalt ein intensjon om å integrere næringsutviklingsarbeidet i tida fram mot kommunesamanslåinga, som skal vere effektuert frå 1.1.2020. På grunn av desse pågåande prosessane har me vurdert det som best tenleg å halde fram med dagens tekniske organisering, og formalisere det operative samarbeidet. Balestrand sine reviderte strategi og handlingsplanar (vedlagt) har ein tydeleg regional profil, og legg opp til størst mogeleg regionalt samarbeid. Me meiner at dette er i tråd med intensjonane for å verte tildelt stimuleringstilskot for førstelinjeteneste og næringsfondsforvaltning, og bed om at dette vert vurdert gjeve også til Balestrand.


Med helsing

Joakim Systaddal
Nærings- og samfunnsutviklar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi:

Vedlegg: Protokoll frå kommunestyremøte 15/2 (1), Intensjonsavtale, Balestrand og Sogn Næring (2), Strategisk næringsplan 2018-2019 (3), Handlingsplan for nærings- og samfunnsutvikling 2018 (4)

Adresse: Kong Beles veg 20 6899 BALESTRAND E-post: postmottak@balestrand.kommune.no Internett: balestrand.kommune.no	Sentralbord: 57 65 12 00 Telefaks: 57 69 12 05 Bankgiro: 3805.07.00043 Bankgiro for skatt: 6345.06.14183 Organisasjonsnr: 970 184 252	 Balestrand inspirerer deg
---	---	---